



Den nye leiinga for Festidalen legg stor vekt på å ha eit godt tilhøve til grannar og andre som blir berørde av den nye arenaen på Dønhaug-jordet. Leiinga lovar å strekkja seg langt. Difor blir det halde eit informasjonsmøte i Dønhaugkjedlaren torsdag klokka 18, opplyser Bjarte K. Døssland i leiinga for festivalen til uskedalen.no

Døssland opplyser at det 'vert eit møte for publikum, då særleg med tanke på grannar og andre som kan verte berørde av arrangementet'

Men han presiserar at 'alle som er interessere i å vita meir om korleis Festidalen vil arte seg for dei nærliggjande områda er naturlegvis hjarteleg velkomne.

I tillegg til eit treff for sponsorar blir det truleg eit familiearrangement i samband med festivalen.

På biletet over er 25 av dei 60 som førebels er engasjerte til å gjera ein jobb i samband med Festidalen. Det blir trong for langt fleire når det vert ålvor.

Tekst og Foto: Ola Matti Mathisen